



Bjarne Hauge har frå 1982 arbeidd med slektsarbeid, i tillegg til å vera lærar i grunnskulen i Samnanger.

**Bjarne Hauge har i mange år arbeidd med rettingar og oppdatering av bygdebøkene for Kvinnherad. I 2010 kom Slektbok for Kvinnherad, band 1, som omfattar Ølve, Hatlestrand og Mauranger. No handlar det om rettingar til band 2, Kvinnherad, hovudsokna med gardane frå Svoldal i nord til Steinsletto i sør. Hauge gjer dette arbeidet privat og som eigen utgjevar. Det er uvisst kva tid ei ny og oppdatert bok er i handelen.**

Mange frå Uskedalen møtte Bjarne Hauge i dag på SPAR. Han hadde med manus og fekk inn viktig informasjon som grunnlag for retting og oppdatering. Målet er å føra slektene fram til notida. Med stor mobilitet og flytting er det ofte vanskeleg å finna rette namn på personane og ikkje minst kor ein bur i dag.

Arbeidet vert rekna som ei slektsoppdatering, meir enn ei bygdesoga. Skal ein finna ut meir om garden, må ein gå til Erling Vaage og Anders Havnelid sine bøker.

Dersom du er usikker på noko eller sit på opplysningar om slekta di, ta kontakt med Bjarne Hauge på e-post: [bjarne.hauge@gmail.com](mailto:bjarne.hauge@gmail.com) eller telefon 56 58 66 35

Bjarne Hauge kjem frå Hatlestrand, bur i Samnanger, og har nær på 40 år arbeidd som formings- og kroppsøvingslærar.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal